

## **SAKSUTGREIING**

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 7/24 Framlegg til medlem og varamedlem til styret for Aurland Setjefisk SA

### **Saksopplysning/vurdering**

I følgje vedtekten til Aurland Setjefisk SA, er det eigarane som kjem med framlegg til medlemar til styret for selskapet. Desse vert formelt valde på årleg medlemsmøte. Valperioden er på 2 år. I år er det fjellstyret, SJH og Aurland kommune som har styremedlemar som er på val. I februar 2022 vart Sigurd Vikesland vald som fjellstyret sin styremedlem, med May Britt Martinsen som varamedlem. Desse vart formelt valde på laget sitt årsmøte i mars 2022. Med eigarskap til 115 av totalt 199 partar i selskapet, er det nokså oppagt at fjellstyret bør vera representert i styret.

Her er utdrag frå vedtekten til Aurland Setjefisk SA – det som gjeld val av styre:

*Styret skal ha 4-6 medlemar med personlege varamedlemar. Styret vert valt på årleg medlemsmøte med ei funksjonstid på 2 år. Ved første gongs val skal likevel 2 av styremedlemane med personlege varamedlemar veljast for 1 år. Styreleiar og nestleiar vert valde av medlemsmøte for eitt år om gongen.*

### **Framlegg til vedtak:**

Som medlem i styret for Aurland setjefisk SA innstiller fjellstyret .....  
med ..... som varamedlem.

Fjellstyrekontoret, den 2.2.24

Harald Skjerdal